



Kvamme Gard
Kvamsvegen 17
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8153 - 23/9317

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
01.02.2023

Rapport etter kontroll av søknad om produksjonstilskot 2022

Kommunen skal kontrollere at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon .

- Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 20.09.22 Det er dei areala i Alversund- Kvamme - Erstad som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området.

Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket.

GBNR	Namn føretak	Driftsform	Dato
142/3	Ivar Kvamme	Sau, hest og grovfôr	30.11.2022

Vanleg jordbruksproduksjon	Arealkontroll	Ja/Nei	Kommentarar
Arealet er hausta/beita - minimum 1 gong i vekstsesongen	- er det utført gjødsling, slått/beiting, jordarbeiding, -såing, plantevern el.l	Ja	I hovudsak ser alt arealet ut til å vera i drift, men sjå spørsmål på gbnr 141/1

Drifta har næringsmessig preg og god agronomisk praksis -Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt	Framstår arealet som i drift/ stelt?	ja	Arealet skil seg ikkje frå områda rundt. Mykje av arealet er bratt, og ikkje tilgjengeleg med traktor.
Areal ute av drift -er det noko areal ført som ute av drift på søknaden	Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen	Nei	Stilt spørsmål om 2 mindre areal på gbnr 142/1 ved bustadfelt.
Miljøkrav – kulturlandskap Inngrep som t.d fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m	Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ?	Nei	Ikkje registrert noko inngrep i kulturlandskapet
Miljøkrav -vegetasjonssone (normal hausting/skjøtsel er tillate)	Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn?	Ja	Delar av bekk/grøft er lukka/gjenngrodd. Vegetasjonssone er ok.
(vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate)	Er det gjødsla eller jordarbeidd, nærmare enn 2 meter frå bekk, elv og vatn	Nei	Ikkje synleg jordarbeiding eller indikasjon på gjødsla.

Konklusjon


Arealet framstår som i god drift og velstelt. Det er positivt at så mykje bratt areal vert halde i hevd. Viktig å ha fokus framover på ugraskamp og kalking.

Ut frå vurderingane av dronebilete finn kommunen at dei omsøkte arealet er i tråd med vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet.


Landbrukseiendom mer	Eier	Sone	Fulldyrket	Overflat edyrket	Innmark sbeite	Totalt disponer t areal
4631-141/1 Kart	Ingunn Runde	5B		2	11	13
4631-142/2 Kart	Arild Kvamme	5B	8	4	7	19
4631-141/2 Kart	Bjarne Gunnar Kvamme	5B		10	12	22
4631-146/7 Kart	Thorvald Hjorth	5B		12	9	21
4631-142/1 Kart	Ludvig Kvamme	5B	12	14	6	32
4631-142/3 Kart	Ivar Kvamme	5B	10	24	12	46

Merknader med spørsmål

Gbnr 141/1



Det er oppgitt 11 daa innmarksbeite. Ca 8 daa ser ut til å vera i god drift. To mindre areal på 1,5 daa og 2,5 daa innmarksbeite ser ikkje ut til å vera i drift.



Gbnr 141/2



Arealet ser ut til å vera i drift – litt tuer på ein del av det overflatedyrka arealet som vert beita. Arealet er bratt. Arealet stemmer med areal oppgitt i søknad.



Gbnr 142/1

Ser velstelt og fint ut. Driv 32 av 37 daa som er på eigedomen. 1 daa fulldyrka og 4 daa innmarksbeite er ikkje søkt på. Noko av arealet som er registrert som overflatedyrka ser ut til å vera plen. Dersom det ikkje vert hausta eller beita ein gong burde det vore tatt ut av søknaden. Om lag 1 daa



GBNR 142/2

Leiger 19 daa av totalt 30 daa. Arealta stemmer bra. Arealet er i drift, men ser ut som det er ein del høymoler/tuer på arealet i nordvest. Vanskeleg å sjå om det er slått eller berre beita og beitepussa.

GBNR 142/3 – Eigd areal

Arealet ser veldrive og stelt ut. Alt arealet er brattlendt, noko som kan gjera slått og beitepussing vanskeleg på mykje av arealet.



Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kvamme Gard

Kvamsvegen 17

5911

Alversund